

Mottakarar i samsvar med vedlegg 5

Dato: Nordfjordeid, 09.09.2021
Vår ref: 21041
Dykkar ref:

Varsel om planoppstart – Detaljregulering for Lundastranda næringsområde

1. Oppstartsvarsel

Nordplan vil i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varsle oppstart av reguleringsplanarbeid for Lundastranda. Registrerte grunneigarar og festarar i planområdet, og så vidt mogleg andre heimelshavarar i planområdet samt naboar til planområdet og offentlege etatar, vert med dette varsla direkte. Nordfjord Vegservice AS er tiltakshavar, og Nordplan AS er utførande plankonsulent. Oppstart er annonsert i avisa Fjordabladet 10.09.2021.

Informasjon om planarbeidet vert også å finne på Nordplan og Stad kommune sine nettsider, www.nordplan.no og www.stad.kommune.no.

Det aktuelle planområdet er lokalisert ved Lundastranda som ligg på nedsida av RV15, midt mellom Stårheim og Kjølsdalen.



Oversiktskart der planområdet er markert med blå plangrense og pil. www.fylkesatlas.no

2. Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å legge til rette areal til etablering av verkstads- og kontorlokale for entreprenørverksemda Nordfjord Vegservice AS, med tilhøyrande parkering for maskiner og konteinerar. Det vert i planlegginga lagt vekt på smarte løysingar og at området etter utbygging skal stå fram som velstelt og ordentleg.

3. Planområde

Planområdet omfattar gbnr. 67/1, 2 og 3. Plangrensa mot nord ser sett i midtlinja for RV15 slik at ein har god plass til planlegging av tilkomst til området. Ny tilkomst krev frisktsoner i begge retningar, derfor har ein sett plangrensa i vest i eigedomsgrensa til 67/1. Plangrensa mot sør mellom 67/1 og 67/2 er trekt litt nedom eigedomsgrensa på grunn av interesse frå naboar om å gje rom for ein enkel traktorveg i nedkant av næringsområdet til nytte ved uttak av gjenverande skog. Det er tenkt at traktorvegen skal ha same tilkomst frå RV15 som næringsområdet. Der plangrensa går langs sjøkanten skal ein etablere ein infrastrukturtrase ned frå næringsområdet for avløp og overvatn. Traseen vert truleg smal og gjenverande sideareal skal regulerast til landbruksformål, friluftformål eller liknande.

Varsla planområde er som synt i kartutsnitt under. Vi reknar arealet til om lag 42 daa.



Enkelt grunnkart der det aktuelle planområdet er vist med blå plangrens. Røde linjer er eigedomsgrens. www.fylkesatlas.no.



Flyfoto over planområdet. Plangrens i blått, eigedomsgrens i raudt. www.fylkesatlas.no.

Ein vil etter at innspelsfristen går ut vurdere plangrensa på nytt med grunnlag i dei skriftlege innspela som vert mottekne.

4. Oppstartsmøte med kommunen

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 23.06.21. Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet og vurderer varsla plangrense som hensiktsmessig. Referat frå møtet ligg ved denne varslinga og på Nordplan og kommunen sin nettside.


Plangrensa er revidert sidan oppstartsmøtet. Derfor samsvarar ikkje plangrensa i oppstartsmøteterferatet og endeleg varsla plangrense. Dette er avklart og akseptert av kommunen før varsling.

Viktige tema i planlegginga:

- Tilkomst frå RV15 (avkøyrsløyve)
- Trafikktryggleik
- Byggegrense frå riksveg.
- Grunnforhold (marin grense, kvikkleire)
- Skredfare
- VAO-løysing
- Kraft/straum/fiber-løysing

5. Dagens plansituasjon

Kommuneplanen sin arealdel for Eid (no Stad kommune) er gjeldande arealplan for området. Heile området innanfor føreslått plangrense er i gjeldande plan regulert til LNF. Ein mindre del av planområdet er dekkja av omsynssone for friluftsliv, H530. Heile planområdet er dekkja av omsynssone H310, ras- og skredfare.



Utklipp frå KPA, planid 2013005 (www.fylkesatlas.no).

6. Tilgrensande planar

Planområdet grensar i nord mot reguleringsplanen *Detaljregulering for Lund masseuttak (2010002)*. Det finns ingen andre kjende tilgrensande reguleringsplanar eller pågåande planarbeid i eller rundt området i dag.



Utklipp frå tilgrensande reguleringsplan. (www.fylkesatlas.no)

7. Forskrift om konsekvensutgreiing (KU-forskrifta)

Saka er vurdert etter KU-forskrifta. Det er av møtepartane i oppstartsmøte vurdert at konsekvensane av tiltaket vert tilfredsstillande vurdert gjennom ordinær planomtale og ROS-analyse. Viser til vedlagt *Planinitiativ* der vurderinga er gjort, og *Oppstartsmøtereferat* der kommuna stiller seg bak Nordplan si vurdering.

Planen vert dermed ikkje utarbeidd under vilkåra for konsekvensutgreiing og planprogram, jf. pbl. § 4-1.

8. Medverknad

Det er høve til å kome med innspel til varsel om planoppstart. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, vert dette handsama av Stad kommune med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det vert høve til å uttale seg til planen også ved offentleg ettersyn.

Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

- på e-post til: abr@nordplan.no
- ev. brev til Nordplan AS, Postboks 224, 6770 Nordfjordeid.

med kopi til Stad kommune:

- på e-post til: post@stad.kommune.no
- ev. brev til Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid.

Frist for innspel er sett til 08.09.2021

Med helsing
for Nordplan AS



Arild Rindal
Arealplanleggar

Vedlegg

1. Oppstartsmøtereferat
2. Flyfoto med planavgrensing
3. Topografisk kart med planavgrensing
4. Paninitiativ
5. Mottakarliste